



Roviltnemnda i Region 6 v/Fylkesmannen i Nord Trøndelag

7734 STEINKJER

Vår ref.
17/49/FA - K47/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:
22.09.2017

Høyring - revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt - Norge

Roviltutvalet i Norddal kommune hadde møte 19.09.2017 – sak 5/17 og vil kome med fylgjande uttale:

Norddal kommune har store utfordringar når det gjeld jerv. Dei andre rovdyra som gaupe og kongeørn gjer relativt liten skade. Andre rovdyr har vi ikkje slik at denne uttalen gjeld jerv.

Vi har i mange år hatt utfordringar med jerv i nordre delen av kommunen og på grensa mot Rauma. I 2017 har jerveutfordringane vore sør i kommunen mot Stranda kommune og Geirangerområdet. Områda Gråsteindalen mot Oaldsbygda og Kilsti har vore sterkt utsett med funn av mange daude og skadde sauer i sommar og haust. Det vart gjort hiuttak i vår, men framleis har det vore 1- 2 jervar som har herja i området.

I Norddal kommune vart det sett i gang tidleg sanking i øvre delen av Eidsdal frå og med 1. september. Nokre bruk sanko også tidlegare. Tidleg sanking er uheldig med omsyn til beitereservene nede i bygda og tæring på 2. slått, men ein hadde ikkje noko val på grunn av jerven.

Går ein inn i rovdyrbasen, ser ein at i dei siste 10 åra har det vore erstatta 432 lam og 38 sauer på grunn av jerv i Norddal kommune. Totalt sauetap er dobbelt så stort som dette. Jerven altså er ein stor bidragter til lidingar for sau og tap i utmarka.

Roviltutvalet kjem med desse forslaga når det gjeld vidare forvaltning av jerv i området:

Innsnevring av forvaltningsområdet for jerv er uheldig da dette lett kan føre til større press på attverande areal. Det vil difor vere feil å ta ut Øvre Sunndal av forvaltningsområdet. Når det gjeld Trollheimen, burde også dette området gå inn att i forvaltningsområdet noko som kan føre til mindre press på andre område.

Når det gjeld forvaltninga i region 3 og region 6, bør denne samordnast da jerven ofte trekk inn frå aust.

Rovviltutvalet er uroa over at innsnevring av forvaltningsområda lett kan føre til at det etter kvart kjem større restriksjonar på utøving av beiteretten.

Større andel av jakta bør skje innanfor forvaltningsområdet for å få felling i samsvar med forvaltningsplanen. Nasjonal turistveg gjennom Norddal kommune er ei grense der austsida er innanfor forvaltningsområdet og vestsida ligg utanfor. Denne grensa er på mange måter merkeleg og lite gjennomtenkt. Da gjeld det for jeger og jerv å halde seg på riktig side av gulestripa.

Ein må intensivere arbeidet med førebyggjande arbeid og gode ordningar for tilskot og godtgjersle for å halde jervestamma nede. Her vil ein mellom anna nemne etablering av jervebås med elektronisk overvaking og det arbeidet fellingslaga skal gjere. Tidleg nedsinking på grunn av jerveskade må støttast både innanfor og utanfor forvaltningsområda.

Utfordringa med mangel på gode beiteområde ved tidleg sinking er stor. Dette er ei stor utfordring for mange bruk i vår kommune.

Til slutt vil ein nemne at reduksjon av forvaltningsområda også må føre til reduksjon av ynglingar. Dette vil lette «trykket» på viktige og framtidige beiteområde.

Ei god og forsvarleg forvaltning av jervestamma vil vere viktig for vidare optimisme i saueneæringa. Dette vil ha positiv innverknad på utvikling av bygdene våre og folketalsutviklinga i distrikta.

Med helsing

Toralv Klokkehaug
næringssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:
Rovviltutvalet i Norddal
kommune